



Helsedirektoratet
Postboks 7000 St Olavs plass
0130 OSLO

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/606 - 17/5420

Saksbehandlar:
Mette Fauskanger
Mette.Fauskanger@radoy.kommune.no

Dato:
26.04.2017

Kartlegging av vald mot helsepersonell og medpasientar

Vi viser til dykkar brev av 16.03.17 vedrørande kartlegging av vald og trugsmål mot helsepersonell og medpasientar i Radøy kommune.

1. Omfanget av vald og trugsmål mot helsepersonell og medpasientar frå 2012-2016.

I 2012 er det ikkje registrert tilfelle av vald og trugsmål mot personale

I 2013 er det registrert 10 tilfelle av vald og trugsmål mot personale

I 2014 er det registrert 12 tilfelle av val og trugsmål mot personale

I 2015 er det registrert 32 tilfelle av vald og trugsmål mot personale

I 2016 er det registrert 4 tilfelle av vald og trugsmål mot personale

Det er ikkje gjort systematisk registrering av vald mot medpasientar i perioden. Vi kan ikkje sei at vald mot medpasientar er eit uttalt problem.

2. Korleis kommunen som arbeidsgjevar tek hand om beredskapen for førebygging og handsaming av vald og trugsmål som ein del av HMS-arbeidet.

Internkontrollsystem har prosedyrar for handsaming av vald og trugsmål. Vidare er det interne prosedyrar for førebygging ved dei ulike tenesteområda. I spesielt utsette tenesteområde har det vore fokus på dette med vald og trugsmål, særleg frå 2014.

3. Kva som vert registrert som vald og trugsmål

Terskelen for kva som definerast som vald og trugsmål er nok ulik mellom tenesteområda, men vi definerer vald og trugsmål som: «Hendingar der arbeidstakar eller medpasient vert fysisk eller verbalt angripen, og som inneber eit trugsmål mot deira tryggleik eller helse.»

4. Korleis og kvar trugsmål og vald mot helsepersonell og medpasientar vert registrert

I internkontrollsystem. For medpasientar vert det også registrert i fagsystem. For tilsette er det også rutinar for registrering i NAV og kommunalt skadeskjema.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

5. Rutinar for å handsame situasjonar når dei hender

Rutinar og prosedyrar for konfliktførebygging, konfliktdemping, konflikthandtering, oppfølging, registrering, opplæring og kriseberedskap.

6. Korelis fylgjer de opp dei som vert råka?

Leiar har ansvar for oppfylging. Oppfylginga har som formål at den som er utsett for trugslar eller vald skal få rask og naudsynt hjelp for å redusere stressnivå og forhindre skadeverknad. Tiltakas omfang vurderast høve omfang og innhald. Det er rutinar for dette.

7. Kva tiltak er sett i verk for å førebyggje vald og trugsmål mot helsepersonell?

Vi har ulike tiltak som at personale er innom arbeidsplassar der ein jobbar mykje åleine, og at ein har laga ordningar med kollegastøtte og styrking av bemanning for å sikre at ein kan handtere situasjonar på ein trygg måte. Vidare rutinar og prosedyrar for opplæring, konfliktførebygging og konfliktdemping.

Med helsing

Mette Fauskanger
kommunalsjef helse og omsorg

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Helsedirektoratet

Postboks 7000 St Olavs plass

0130

OSLO